

# Eksamen

23. november 2017

HHO2002

Aktiviteter med hest/Aktivitetar med hest

**Programområde:** Heste- og hovslagerfag/ Heste- og hovslagarfag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løyser oppgåva, må du skildre vala du gjer, og gi ei grunngjeving.</li><li>• Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkt og forslag til løysing på oppgåva</li><li>○ trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>○ gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>○ meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>○ bruke døme der det er relevant</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte</li></ul></li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	

## Oppgave 1

- a) Du skal gjere ei vurdering av kva krav som blir stilte til ferdigheiter ein hest bør ha før ein rir eller kører på tur. Kvifor er dette viktig?

Korleis kan du lære/trene ein hest i desse ferdigheitene?

- b) Skildre kva utstyr og kva krav som er stilte til det, før du skal ut på tur?
- c) Kva krav er stilte til ryttaar eller kusk som skal ut med hest på tur?

## Oppgave 2

Planlegg og skildre ei nyttig treningsøkt for følgjande hestar:

- Piaff er ein varmblods ridehest på 8 år som er brukt i dressur og sprang på middels nivå. Han kan vere veldig stressa i treninga og er ein vaken type.
- Gubben er ein døl på 13 år som er brukt i køyring – både brukskøyring, ved køyrestemne og på tur. Han er trygg på det meste, men er litt på den late sida.
- Friskus er ein varmblodstravar på 4 år som jamleg går løp. Han kan galoppere i løp.

Du skal grunngje vala du gjer, og skildre utstyret du vel.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse</li><li>• Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff samt begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>○ trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>○ gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg</li><li>○ mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>○ bruke eksempler der det er relevant</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul></li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	

## Oppgave 1

- a) Du skal gjøre en vurdering på hvilke krav som stilles til ferdigheter en hest bør ha før man rir eller kjører på tur. Hvorfor er dette viktig?

Hvordan kan du lære/trene en hest på disse ferdighetene?


- b) Beskriv hvilket utstyr og hvilke krav som stilles til det før du skal ut på tur?
- c) Hvilke krav stilles til rytter eller kusk som skal ut med hest på tur?

## Oppgave 2

Planlegg og beskriv en nyttig treningsøkt for følgende hester:

- Piaff er en varmblods ridehest på 8 år som er brukt i dressur og sprang på middels nivå. Han kan være veldig stresset i treningen og er en våken type.
- Gubben er en døl på 13 år som er brukt i kjøring; både brukskjøring, i kjørestevne og på tur. Han er trygg på det meste, men er litt på den late siden.
- Friskus er en varmblodstraver på 4 år som går jevnlig løp. Han kan galoppere i løp.

Du skal begrunne de valgene du gjør og beskrive utstyret du velger.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)